

REGIONRÅDET FOR HALLINGDAL

ÅRSMELDING 2024



1. INNLEIING

REGIONRÅDET FOR HALLINGDAL er eit politisk samarbeids- og interesseorgan for dei seks kommunane i Hallingdal. Regionrådet arbeider for å utvikle regionen og samarbeidet på tvers av kommunegrensene med særleg vekt på næringsetablering og arbeidsplassar, tilflytting og rekruttering, samferdsel, breibandutbygging og utdanning.

Alle referat og saker ligg på www.regionraadet.no.

2. ORGANISERING OG LEIING

Hallingtinget er det øvste formelle organet i Regionrådet: Her møter 5 representantar frå kvar kommune, inkludert ordførar og varaordførar. Kommunedirektørane er med på alle møte i Hallingting og Regionråd, med tale- og forslagsrett. I tillegg er Buskerud fylkeskommune representert med to politikarar og ein frå administrasjonen.



Regionrådet for Hallingdal 2023-2027

Etter kommunevalet 2023, vart desse valt inn i Hallingtinget
Solveig Vestenfor er rådsordførar for perioden og Merete Gandrud er varaordførar.

Hol	Ål	Gol	Hemsedal	Nesbyen	Flå
Sigrd Simensen Ilsøy ordførar	Solveig Vestenfor ordførar	Heidi Granli ordførar	Pål Rørby ordførar	Anne Kari Eriksen ordførar	Merete H. Gandrud ordførar
Sissel Hovland varaordførar	Jørund Li varaordførar	Tom Rune S Blakkestad varaordførar	Janne Brøndbo varaordførar	Kristian Noreng varaordførar	Tor Egil Buøen varaordførar
Guri T. Sletteemoen	Dagfinn Bøygard	Kristin Bakke Haugen	Hege E. Falck- Andersen	Geir Olav Garthus	Steinar Andre Steinarsson
Hanne B. Haatuft	Torhild Helling Bergaplass	Leif Norhaug	Richard Taraldsen	Øyvind Frekeplass	Karen Johanne Gulsvik
Henning Solhaug	Ola Terje Oleivsgard	Jan Kattenberg	Inge Berthram Wahl	Anne Marie Kollhus	Kristin Gullingsrud

Regionrådet sin administrasjon i 2024

Dagleg leiar:	Jan Olav Helling
Regionalutviklar:	Jorun Utne
Klimakoordinator	Guro Veslehaug
Prosjektleiar Sirkulærøkonomi	Annette Flaten
Prosjektleiar Sats på Hallingdal	Maria Grevsgård
Prosjektleiar Reine elver	Margit Kristine Berg
Dagleg leiar etablerersenteret	Erik Paule
Prosjektleiar Grunderprosjektet	Nina Aamodt

Skille ut midlertidige

3. OPPSUMMERING OG FRAMTIDUTSIKTER

I 2024 hadde Hallingdal svak nedgang i folketal for første gong på nokre år. Det er ingen dramatikk knytt til dette fordi det mellom anna heng saman med nedlegging av tre akuttinntak, men det minner oss på at me framleis må jobbe godt for å tiltrekke oss nye innbyggjarar og nye arbeidstakarar. Bulystarbeid og næringsutvikling må sjåast i samanheng, og her har Hallingdal utvikla seg godt dei siste åra. Hallingdal har framleis høg bustadattraktivitet og me klarar oss framleis svært bra i forhold til andre distriktsregionar.

Trendane i næringslivet i Hallingdal har ikkje endra seg mykje det siste året. Det er framleis høgt prisnivå og høg rente og det er framleis mindre byggeaktivitet enn før, mens turistnæring og handelsnæring har relativt gode dagar. Me er nesten ferdige med omstillingsprosjektet vårt, Sats på Hallingdal, som har vore ei ekstraordinær næringslivssatsing i 3 år. Resultatet av programmet, når det gjeld arbeidsplassar, vil kanskje ikkje vera klart før om eit år eller to, men nokre konklusjonar er klare. Kommunane bør ikkje trappe ned stimuleringa av næringslivet. Ein må heller, saman med etablertenesta, næringshagen, Sats på Hallingdal og andre aktørar, bidra til at næringslivet blømer. Summen av alle gode krefter gir eit måltall på om næringslivet lukkast, om nyetablering skjer, og om lønsemda aukar

«Kampen om arbeidskrafta» er framleis gjeldande og kampen for å endre utanforskap til innanforskap, har kome eit steg vidare. KI – laben i Hemsedal er eit godt og spennande eksempel på kva ein kan gjera lokalt på dette området om ein tenker utradisjonelt og gjer dei rette grepa med tanke på organisering og samarbeid.

Regionrådet si satsing på skule, utdanning og kompetanse ser ut til å vere ein suksess. Campus Hallingdal starta opp med 60 studentar hausten 2024, og er i gong med å planlegge utviding av tilbodet. USG har fleire studieløp i gong på Geilo, og både USG og USN har høgare utdannings-tilbod på Torpomoen. Det å få eit Campus til dalen gjer at me i mye større grad enn før kan drive samfunnsutvikling der det offentlege, næringsliv og akademia jobbar saman. Campus Hallingdal kan bli ein utviklingsarena for kunnskaps- og kompetanseutvikling til beste for både regionen og universitetet.

Når det gjeld vidaregåande skular, må både næringsliv, skulen sjølv og det offentlege dra i same retning for å behalde og vidareutvikle tilbodet ved VGS. Dette er viktig både for å halde ungdom i dalen og for å dekke behovet for arbeidskraft både i det offentleg og i privat sektor.

På Samferdselsområdet blir det jobba bra i Hallingdal sjølv om utviklinga går sakte og av og til i feil retning. FRE 16 ligg inne i NTP utan løyving. Det er høgst usikkert kvar denne saka endar som her må det jobbast knallhardt mot RNB og statsbudsjett. Vegpakke Hallingdal Ørgenvika - Gulsvik, samt strekningsvise utbetring av Rv 7 og RV 52 inkl. fjellovergane ligg inne, så her er arbeidet med å sikre oppstartsløyving i full gong. Kollektivtransporten i dalen er også under press og har vore kutta med 45 mill. i Buskerud. Resultatet er at med får behalde Hallingbussen, men må tåle rutekutt på ca. 12% på dei interne bussrutene. Dette vil ramme Reisande, spesielt ungdom og klima. Derfor må me fortsette å jobbe med alternative løysingar for kollektivtransport i distrikt.

Hallingdal har over år vist at samarbeid, kreativitet og offensiv tenking er eit godt grunnlag for ei positiv utvikling. Me er landets største reiselivsregion, det skjer spennande ting i industrien og på utdanningssida. I tillegg satsar me stort på klima og berekraft gjennom «Bærekraft Hallingdal.» Målet er lågare utslepp, redusert forbruk og ein grønnare dal. Saman med dei andre satsingane og «folka» i dalen gir alt dette nokre moglegheiter som kan bidra til å skape attraktive lokalsamfunn som nye innbyggjarar vil koma til, der folk trivast og der ein har spennande og varierte arbeidsplassar og fritidstilbod.

4. MØTER OG SAKER I 2024

Hallingtinget: Eit dagsmøte og eit todagarsmøte. 15 saker vart handsama.

Regionrådet: 8 møter. 79 saker vart handsama

5. ØKONOMI

Rekneskapa til Regionrådet for 2024 viser eit overskot på drifta med kr. 872 774.

Disposisjonsfondet vart redusert frå kr. 386 609,23 i ved utgangen av 2023 til kr. 1 474 323,47 ved utgangen av 2024.

6. VERV

Vedtak:

For valperioden 2023 – 2027, er disse valt:

FORA/TILTAK	MEDLEM	VARA
Rådet til Fjellnettverket	Solveig Vestenfor Pål Rørby	Heidi Granli Anne Kari Eriksen
Styre for Hallingdal Næringshage	Sigrid S. Ilsøy	Pål Rørby
Fagrådet i Hallingdal Etablerersenter	Pål Rørby	Sigrid S. Ilsøy
Styre Forum Nye Bergensbanen	Solveig Vestenfor	Heidi Granli
Representant til SLT	Merete Gandrud Anne Kari Eriksen Sigrid S. Ilsøy (leiar) Hege Mørk Karsten Dideriksen Bjarte Reve	Odd Egil Stavn Anders Halland Ole Johnny Stavn Heidi Granli Solveig Vestenfor Pål Rørby
Styre for Hallingdal Folkehøgskule	Merete Gandrud	Anne Kari Eriksen
Arbeidsutval Forum Nye Bergensbanen	Jan Olav Helling	
UngInvest AIB avdeling Hallingdal	Anne Kari Eriksen	Merete Gandrud
Samferdselsutval for Hallingdal	Petter Rukke, leiar Solveig Vestenfor Pål Rørby Tor Egil Buøen Tom Rune Blakkestad Ole Johnny Stavn Jan Olav Helling	Heidi Granli
Styret i Sats på Hallingdal	Solveig Vestenfor Pål Rørby Jan Olav Helling	
Styringsgruppe Campus Hallingdal	Heidi Granli Pål Rørby Jan Olav Helling Karsten Dideriksen	
Leiar Vassområdeutvalet Hallingdal	Anne Kari Eriksen	
Leiar repskap. Hallingdal brann og redning	Pål Rørby	Merete Gandrud
Leiar repskap Hallingdal Renovasjon	Sigrid S. Ilsøy	Tom Rune S Blakkestad
Kontaktperson Vidju Holding	Heidi Granli	Sigrid S. Ilsøy
Kontaktperson Hallinghelse	Merete Gandrud	Heidi Granli
Kontaktperson VINN AS	Sigrid S. Ilsøy	Heidi Granli
Kontaktperson Ungt entreprenørskap	Tom Rune S Blakkestad	

7. NOKRE SAKER DET HAR VORE JOBBA MED I 2024



CAMPUS HALLINGDAL

det skjedd mye på dette område – både på godt og vondt. Den største enkelthendinga er nok etableringa av Campus Hallingdal.

UTDANNING

Regionrådet har i fleire år hatt ei klar målsetting om å bidra til fleire utdanningsplassar i Hallingdal både når det gjeld vidaregåande utdanning og høgare utdanningsplassar. I 2024 har



Den 21. august 2024 var det høgtideleg opning av Campus Hallingdal med 60 studentar ordførarar, fylkesordførar og rektor, USN tilsette og 100 gjester til stades.

I tillegg til aktiviteten studiestaden på Gol Har USN tilbod om sjukepleieutdanning på Torpomoen. Intensjonen er å utvikle tilbodet med fleire studieplassar og fleire studieretningar i åra framover. Utdanningssenter Geilo (USG) er framleis aktive og tilbyr studiar i bedriftsøkonomi ulike leiarutdanningar og fagskuleutdanningar.

Når det gjeld VGS i Hallingdal var både skuler og lineval truga under fylket sin budsjettprosess i haust. Regionrådet engasjerte seg kraftig for å redde idrettslina på Gol VGS og med industri- og teknologilina på Ål VGS



Trainee HALLINGDAL

Trainee Hallingdal er ei t nystarta trainee-program for Hallingdal. Initiativet og pådrivarane bak er Regionrådet v/ Sats på Hallingdal i tett samarbeid med lokalt næringsliv og Hallingdal Næringshage. Trainee Hallingdal har til hensikt å skape unike karrieremoglegheiter for unge folk i Hallingdal, slik at Hallingdal blir ein attraktiv bu- og arbeidsregion. Ordninga starta hausten 24 med 6 unge trainear som hadde kjempa om plassane blant 70 søkjarar. Sjå meir på

[Trainee Hallingdal - Trainee Hallingdal](#)



KVINNE GNIST

Kvinnegnist er eit nettverk for kvinner i Hallingdal, skapt for å tenne engasjement, styrke kompetanse og bygge relasjonar. Målet er at engasjerte kvinner kan dele erfaringar, utvikle seg fagleg og inspirere kvarandre til å ta plass i næringslivet.

Bakgrunnen for Kvinnegnist var ubalanse i næringslivet i regionen

der berre 10 prosent av daglege leiarar i dei 50 største selskapa i dalen var kvinner og heile 94 prosent av styreleiarane var menn. Med støtte frå næringslivet og sterke initiativtakarar vart Kvinnegnist stifta 8. mars 2024, med over 150 frammøtte.

Sjå meir: [Kvinnegnist – Kvinnenettverk i Hallingdal](#)



REGIONPLAN FOR HALLINGDAL

I oktober vedtok Hallingtinget ny Regionplan for Hallingdal. Planen er ein overordna plan som tek for seg dei utfordringane regionen står overfor og som gir retning på det regionale utviklingsarbeidet fram mot 2028. Planen skisserer satsingsområde og strategiar for å nå måla, og er konkret på kva me ønskjer å oppnå når planen er gjennomført.

KI-Laben er eit banebrytande initiativ der unge (18-30år) er med på et 12 vekers program som gir deltakarane ei grundig innføring i kunstig intelligens og tilgang til avansert teknologi, opplæring og støtte, med mål om å utvikle ferdigheiter som kan nyttast både i arbeidslivet og til å starte eiga næring.

Prosjektet kom i gong etter eit initiativ frå Hemsedal kommune og er no eit Hallingdalsprosjekt som er støtta av Microsoft, NAV, Sats på Hallingdal og alle kommunane i dalen. KI-laben har svært gode resultat så langt og er eit tiltak som verkeleg motverkar utanforskap og som sett deltakarane i stand til å jobbe med reelle oppgåver i privat næringsliv eller offentleg sektor.



SAMFERDSEL

Arbeidet for betre veg og bane i og til Hallingdal, er alltid ei prioritert oppgåve for Regionrådet. I januar hadde me besøk frå transportkomiteen på Stortinget.

Samferdselsutvalet i Hallingdal var med komiteen ein heil dag. Etter det vorte mykje påverknadsarbeid frå både Regionrådet samla, frå enkeltpolitikarar, eller gjennom samarbeidspartar som Forum nye Bergensbanen, Ringhalliansen eller ringeriksregionen. Gjennom innspelsmøte, og høyringsuttaler og har dette vore Hallingdal si klare prioritering:



1. At det blir løyvd midlar til oppstart av fellesprosjektet Ringeriksbanen og E16 frå Skaret - Hønefoss i første halvdel av NTP 2025-2036.
2. At det kjem statlege midlar til Vegpakke Hallingdal (Ørgenvika – Gol) i første halvdel av NTP
3. Utbetringsstrekning Svenkerud - BU
4. At regulariteten på fjellovergane aust – vest (Rv7 og Rv52) blir vesentleg betra

Resultatet av påverknaden var at FRE 16 framleis er inne i NTP og at vegpakke Hallingdal ligg inne i første del, men utan løyving. Det betyr vidare jobbing mot RNB 2025



Det overordna målet er å bidra til reduserte utslepp av klimagassar og ei berekraftig forvaltning av naturressursar. Berekraftsbegrepet dekkjer både klima, naturmangfald, sosiale forhold og økonomi. Vidare arbeider me for at Hallingdal skal tilpasse seg eit endra klima.

Hovudaktivitetar i 2024

Den mest omfattande og ressurskrevande oppgåva i 2024 var *Regional plan for klima, natur og klimatilpassing med handlingsplan*. For å sikre fagleg tyngde er planen basert på ein grundig gjennomgang av fagstoff på tvers av mange temaområder. Forankring og innspel frå ulike aktørar har vore en viktig del av prosessen, og det er gjennomført 47 informasjons- og innspelsmøte, fleire arrangement, inkludert workshops, fagseminar og folkemøte og regionale etatsmøter for å dele erfaringar, kunnskap og løfte felles utfordringar.

I tillegg har det vorte utarbeid klimasatssøknadar som har vorte innvilga:

- 2,4 millionar kroner til prosjekter med mål om å redusere klimagassutslepp
- 450 000 kroner til kartlegging av areal for karbonopptak og -lagring

For å styrke kunnskapsformidling og engasjementet rundt berekraftige løysningar har me etablert nettsida «*Bærekraft Hallingdal*» Denne verkar som ein plattform for deling av informasjon og gode eksempel.

Prosjektet Berekraftig Reisemål er i full gong. Der er 1. år av remerkingsprosessen for Nesbyen, Gol, Hemsedal og Ål gjennomført. I tillegg er det rydda fleire 10-tals kilometer elvebreidd i prosjektet «Reine elver» som vart avslutta 31. desember.



Bu - og blilyst Hallingdal

Bulystprogrammet i Hallingdal, støtta av fylkeskommunen, Husbanken og Sats på Hallingdal har pågått i heile 2024 og har fokus på **Bustadutvikling -Trivsel og tilhørighet – Attraksjonskraft**

Eit spennande rekrutteringstiltak vart gjennomført i april då ein gjeng hallingar frå kommunar, Regionråd og næringsliv reiste til Nederland på Emigration Expo. Dette er ei messe for

Nederlandarar som ønskjer å flytte til eit anna land. Resultatet av deltakinga er om lag 30 interesserte og 10 nederlandarar som har flytta.



HALLINGDAL
Etablerersenter

Hallingdal Etablerersenter vart etablert i 2002, og har vore vertskommuneorganisert på Gol fram til i 2024 då det vart overflytta til Regionrådet. Hallingdal Etablerersenteret gir uavhengig og gratis rettleiing til personar i

Hallingdal som ønskjer å starte eigen forretning, utvikle eigen forretningside eller som søker råd om finansiering og forretningsplan i etableringsfasen. Gjennom etablerertenesta kan ein også få kontakt med andre gründerar eller andre næringslivsaktørar (nettverk)

Etablerersenteret hadde 90 prosjekt innom i 2024, med ein kvinnedel på 43%. Tabellen under viser tal på prosjekt og fordeling på kommune og år.

	Hol	Ål	Gol	Hemsedal	Nesbyen	Flå	totalt
2024	15	28	18	18	9	2	90
2023	14	23	17	10	19	6	89
2022	15	16	13	7	5	2	58
2021	13	18	12	20	4	3	70
2020	11	14	13	28	9	5	80



I november 2024 vart Ungdomens Hallingting arrangert for første gong, med 37 deltakarar frå alle dei seks ungdomsråda i Hallingdal. Ungdommens Hallingting var ei svært god dagars samling på Torpomoen med fokus på å bli kjent med anna ungdom i dalen, bli tryggare i eiga rolle, opplæring i politiske system og på korleis ein skal få gjennomslag for ei politisk sak.

Hallingdal Ungdomsråd, dei kommunale ungdomskontaktane og Regionrådet sto for planlegging og gjennomføring. Heidi Granli, ordførarane og Psykohaugen; Nils Haugen bidrog til gjennomføring av programmet. Evalueringa var svært positiv, og det er et ønske frå ungdommen sjølv om å arrangere Ungdommens Hallingting årleg."

Hallingdal 15. april 2024

Jan Olav Helling
Dagleg leiar i regionrådet